



Styrelidar Hans Reidar Kjærland og dagleg leiar/rekneskapsførar Teje Myklebust.

**Uskedal Vassverk hadde årsmøte i kveld. Årsmeldinga og rekneskapet syner til god og stabil drift i 2017. Økonomien er god med inntekter på 1,5 mill. kr og driftskostnader på 1,1 mill. kr. Utgifter med vedlikehald av anlegget utgjer vel kr. 130.000,- Overskotet i 2017 er kr. 442.000,- Laget har ikkje langsiktig gjeld ved årsskifte.**

Hans Reidar Kjærland tok attval som leiar Klara Bakke og Bjarne Lilleaas vart valde inn i styret. Varamedlemer: Svein Rimestad og Svein Ove Bråtun. Tor Ove Rød og Johannes Feet stod ikkje på val. Valnemnd: Marit Hjørnevåg ( leiar ), Kåre Guddal, Kjell Tungesvik.

Vassavgidta vart auka med 20 % til kr. 4.200,- Faktura vert sendt ut i juni månad. Dei som har vanskar med betaling ein gong i året, kan bed om særskild avtale. Ved kommunal garanti ved låneopptak er det eit krav at betalingsattsane mest mogeleg skal vera kommunale satsar. Vassavgifta for 2018 er med dette kr. 1.000,- lågare enn tilsvarande avgift i kommunen.

Vassverket har store investeringsplanar på gang. Vassledningen frå 1949 i skogen ned til Fet må fornyast. Ein trase er å gå ned langs Eikeelva til Fylkesvegen og kopla seg på ny ledning som vart lagt frå Sjøhaugen til Eikelandet Brygge. Ny ledning og nytt inntak vil ha ein kostnad på rundt 4 mill. kr.

Den store investeringar i åra framover vil vera knytt opp til om det vert aktuelt å henta vatn i Tverrelva. Vassmengd og kvaliteten på vatnet frå boreholet lovar godt. Nye og meir nøyaktige målingar vil syna om dette er eit prosjekt ein bør gå vidare på.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Eit vassbrot langs Fylkesvegen vert ofte ei omfattande og kostbar sak. Vassbrotet ved busslomma for kort tid sidan hadde ein kostnad på vel kr. 200.000,-